

# BØ KYRKJELYD - PLAN FOR TRUSOPPLÆRING

## Mål, grunnlag og organisering

### Hovudmål for trusopplæringa

Målet vårt er å tilby ei systematisk trusopplæring som fremjar kristen tru, gjev kjennskap til den treeinige Gud og gjev hjelp til livstolkning og livesmeistring for alle døypte, uansett funksjonsnivå.

### Grunnlag og særpreg

Bø kyrkjelyd er i geografisk utstrekning identisk med Bø kommune. Kommunen har 5800 innbyggjarar, kyrkjelyden har 4500 medlemmer. På kvart årskull er det omlag 50 døypte og i tillegg 5 tilhøyrige.

På søndagar med høgmesse utan særleg tilbod for born, møter under 60 personar der fleirtalet er over 60 år. På gudstenester med søndagsskuletilbod eller familiegudstenste kjem det i tillegg mange barnefamiliar, og frammøtetalaet ligg då mellom 100 og 200.

Kyrkjelyden har eit positivt omdømme i bygda, og blir rekna med i det rike kulturlivet som er her. Men det er ei utfordring for trusopplæringa at born og undgom har så mykje å velje mellom på ulike arenaer at kyrkjelyden fort hamnar i ein hard konkurranse om borna og ungdommen si fritid.

Kyrkjelyden driv ein stor korskule med 70-90 born fordelt på 3 kor. Søndagsskulen driv også svært godt og er tett knytta til kyrkjelyden og gudstenestene. Eit nært samarbeid med desse to grupperingane meiner me vil vere avgjerande for å lukkast med trusopplæringsreformen her hos oss.

I den prioriteringssituasjonen born- og ungdom er i her i bygda, vil det ikkje vera realistisk at alle prioriterar like mykje tid til trusopplæring. Me vil difor leggje til rette for at å la ein del tiltak romme det me vil kalle kjernestoff og ein del tiltak vere fordjuping.

I trussopplæringa vil me leggja til grunn:

- at trua er ei Guds gåve som ikkje skal presterast.
- at Gud kallar oss til teneste (både misjonalt og diakonalt perspektiv)
- at alle tiltak, både dei som rommar kjernestoff og dei som rommar fordjuping, skal vera like tilgjengelege for alle i aldersgruppa.

Visjonen til Bø kyrkjelyd er å vera ein møtestad mellom Gud og menneske og menneske imellom.

### Organisering, rammer og ansvar

Soknerådet har det overordna ansvaret for at trusopplæringsplanen vert godkjent, og seinare evaluert kvar soknerådsperiode. Soknerådet har også ansvar for at det vert stilt nødvendige ressursar til å gjennomføre planen frå år til år.

Kyrkjestaben, med kyrkjeverja som leiar, har ansvar for den daglege drifta av trusopplæringa.

For kvart av tiltaka i planen er det ein tilsett som sit med gjennomføringsansvaret.

På tiltaktsnivå, er vi avhengig av mange frivillige. Desse vert rekrutterte mellom aktive kyrkjelydsmedlemmer, eldre

---

deltakarar i trusopplæringa (ungdommar) og foreldregruppa.

Stillingsressursar som er reservert trusopplæringa:

- 20% trusopplærar ("Give me five" og "Mesternes mester") (trusopplæringsmidlar)
- 30% korleiar (trusopplæringsmidlar)
- 30% korleiar (fellesrådsmidlar)
- 40% prest (statlege midlar, prestekapitlet)
- 30% organist (fellesrådsmidlar)
- 4% kontorfullmektig (fellesrådsmidlar)
- 2% kyrkjeverje (fellesrådsmidlar)

Gjennom ein forpliktande avtale med soknerådet, blir ein vesentleg del av tiltaka realisert med hjelp av Korskulen/Barnekora og Søndagsskulen.

Mange av tiltaka er alt igang, resten vil verta sett igang i løpet av 2014.

## Sentrale dimensjonar

### Samverke med heimen og familien

Alle trusopplæringsstiltak i dei første leveåra til barnet er familiearrangement.

Me sender grundig informasjon til heimen i samband med invitasjon til alle tiltak.

Det vert halde forldremøte når borna er minikonfirmantar og når dei er konfirmantar.

Me rekrutterar leiarar frå forledregruppa.

Foreldra vert inviterte til å delta i ei questback-evaluering etter alle tiltak med eit visst omfang.

På nokre av tiltaka vert det delt ut bøker og anna materiell til bruk i heimen. (sprelleengel til eittåringane, fireårsbok til fireåringane, CD med julesongar til 7 og 8-åringar osb. Sjå elles kvart tiltak)

### Medverknad frå barn og unge

Me vil gje deltakarane konkrete oppgåver i gjennomføring av tiltaka dei er med på.

Alle konfirmantar vil gjøre teneste som ministrantar i gudstensta.

Me vil også jobbe aktivt med å involvere eldre born og ungdom som medarbeidarar i tiltak for yngre årsklassar.

I eldre årsklassar vil det også sitte deltakarar i styringsgruppa for tiltaka (td. i styret for filmfestivalen).

### Inkludering og tilrettelegging

Me skriv i alle innbydingane at dei som har born som har trond for tilrettelegging må ta kontakt slik at vi får tilrettelagt opplegget saman.

Me vil jobbe for å halde kostnadane så låge at eigenandelane vert overkomelege for alle.

### Gudsteneste

To tredjedelar av alle tiltaka i trusopplæringsplanen vår er på ulike måtar knytta til gudstenesta, med førebuing,

deltaking og konkrete oppgåver.

I arbeidet med lokal grunnordning for gudstenestene har det vore sterkt fokus på å få til ei famlievenleg gudsteneste som kan fungere godt. Me har også auka talet på familiegudstenester.

### **Diakoni**

Me vil ha fokus på å byggje inkluderande fellesskap der alle blir utfordra på tenesteoppgåver som er tilpassa eigne føresetnadar.

Konfirmantane vil ha innsamlingsprosjekt til internasjonale diakonale prosjekt.

Give me five er det tiltaket som særleg ber preg av diakoni, både i fokuseringa på kva som må til for at alle skal kunna kjenna seg til rette i eit fellesskap, og i fokuset på internasjonal diakoni.

### **Misjon**

Me arbeider med misjon blant anna gjennom misjonsprosjektet vårt i Kambodsja, drevet av Normisjon siden 2006.

### **Musikk og kultur**

Me ynskjer å trekke liturgisk musikk og salmar inn i trusopplæringa vår. Det gjer vi blant anna gjennom Korskulen, men også i gudstenestearbeidet elles.

Me syng salmar og andre songar i dei aller fleste tiltaka våre. Når det gjeld det kulturelle aspektet vert dette ivaretatt med lesing av kristen litteratur, video, og bilete. Me vil også satse på forteljarkunst.

Salmar vert valt etter kyrkjeåret, dei fleste frå salmeboka. Me legg stor vekt på at korsongen skal vera ein naturleg inkludert og integrert del av gudstenesta når eit eller fleir av barnekora er tilstades.

### **Frivillig medarbeidarskap**

Den einskilde tiltaksansvarlege har også ansvar for rekruttering og oppfølging av dei frivillige medarbeidarane som er knytta til tiltaket. Kyrkjeverja har det overordna ansvaret for dei frivillige i kyrkjelyden. Dei frivillige medarbeidarane skal få tilstrekkeleg opplæring, naudsynt materiell og vil bli teken med på evalueringa av tiltaka. Det vert årleg arrangert ein medarbeidarfest. Rigster over frivillige vert ført i Labora menighet.

### **Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar**

Me har eit forpliktande samarbeid med Barnekora i Bø (Ung kirkesang) og Søndagsskulen i Bø (Norsk søndagsskoleforbund) om breiddetiltaka i planen. (Sjå det einskilde tiltak om korleis dette virkar)

I tillegg vil me samarbeida med Bø speidargruppe (KFUK/KFUM), Barneklassen (Normisjon) og Ungdomsklubben Z (Normisjon, Pinsemenigheten og Soknerådet) om eit supplerande tilbod utover trusopplæringsplanen)

### **Tverrfagleg samarbeid**

Kor mykje, og korleis den einskilde tilsette skal delta i dei ulike trusopplæringstiltaka vil framgå av stillingsbeskrivelsane. Ansvaret for dette har kyrkjeverje og prost. Det skal gå tydeleg fram kven som har tiltaksansvaret og kva tilsettressurs vedkomande har å spele på i tillegg til seg sjølv.

### **Kommunikasjonsarbeid**

Informasjon om alle trusopplæringstiltak vert sendt per post til alle medlemmer og tilhøyrige i målgruppa for tiltaket.

Me brukar lokalavisa til annonsering og sender over pressemeldingar frå det som skjer.

Alle trusopplæringstiltak er omtalt på heimesida til kyrkjelyden.

Når nokon har meldt seg på eit tiltak, brukar me også SMS til deltarane når dette er tenleg.

## Tiltak

**Tiltak i ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alderen 0–18**

år

**Tal på aktive tiltak:** 16

**Totalt tal pr årskull:** 322

**Totalt tal på timer summert:** 621

Alder	Namn på tiltaket	Omfang i samvær	Omfang i timer	Samla for målgrupper
0	Dåpsgudsteneste	1	1	1
0	Dåpssamtale	2	1	1
0-0	Babysang	8	16	16
1-2	Musikkleik	8	8	16
3	Minikoret	32	32	32
3-5	Familiedag på Jønnbu Fjellkyrkje	1	3	9
4	Fireårsklubben	3	4	4
4	Utdeling av fireårsbok.	1	1	1
6	Barnekor/SingLett	32	32	32
6	Karnevalgudsteneste med førebuande samling. Utdeling av 6-årsbok.	2	3	3
10	Give me Five (Minikonfirmantar)	24	60	60
11-12	Mesternes Mester	1	5	10
11-13	24hours	1	8	24
15	Konfirmasjon	30	60	60
15-18	Filmfestival for ungdom	15	12	48
15-18	Ønsket og elsket	9	76	304

### Tiltak i planen retta mot det enkelte alderstrinn

Alderstrinn	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tal	3	1	1	2	3	1	2	0	0	0	1	2	2	1	0	3	2	2	2

## Øvrige tiltak

Tal på øvrige tiltak: 3

Alder	Namn på tiltaket
3-9	Søndagsskole
3-15	Korskulen
10-12	Fordjuping i Bibelgjengen

## Dåpsgudsteneste

Bø

### Tiltakstype

Annet tiltak

### Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timer for alle samlinger: 1

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 1

### Aldersgruppe

0

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 0

### Ansvarleg

Prestetenesta

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Døype barnet, og synleggjere fellesskapet i kyrkjelyden og fellesskapet med Gud.

### Kommentarar

#### Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring

Me vektlegg barnet som eit under, og barnet som forbilde for oss vaksne.

#### Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Kyrkja sin liturgi for dåp. Matt 28,18-20

#### Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Ansvoaret til foreldre, fadderar og kyrkjelyd vert understreka gjennom dåpsskuldnaden. Familien får utdelt dåpslys og barnebibel.

### Arbeidsmåtar

Me tilbyr dåp ved alle høgmesser og alle familiegudstenester.

Dåpssamtale	Bø
<b>Tiltakstype</b>	
Dåpssamtale	
<b>Omfang</b>	
Tal på samlingar/samvær: 2	
Totalt tal på timer for alle samlinger: 1	
Totalt tal på timer samla for målgrupper: 1	
<b>Aldersgruppe</b>	
0	
Tal på medlemmer i aldersgruppa: 0	
<b>Ansvarleg</b>	
Prestetenesta	
<b>Mål - Kva er formålet med tiltaket?</b>	
Gje foreldra ei forståing av kva som skjer i dåpen. La dei kjenne seg velkomne med barnet sitt og gje dei frimod til å oppdra barnet i kristen tru, i samarbeid med kyrkjelyden.	
<b>Kommentarar</b>	
<b>Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring</b>	
Snakkar om det å vere foreldre, om underet og ansvaret.	
<b>Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja</b>	
Snakke om bakgrunnen for å døype. Foreldra si grunngjeving for dåp og Kyrkja si grunngjeving. Matt 28,18-20.	
Snakke om innhaldet i dåpen og om trusopplæring barnet skal få del i framover.	
<b>Tema/innhald: Kristen tru i praksis</b>	
Snakke om oppdragaransvar og generell oppfatning av tru hjå foreldra.	
<b>Arbeidsmåtar</b>	
Vi sender ut "Invitasjon til dåp" når vi får melding om fødsel. Samtale i heimen (eventuelt felles i kyrkja).	

Babysang	Bø
<b>Tiltakstype</b>	
Annet tiltak	
<b>Omfang</b>	
Tal på samlingar/samvær: 8	
Totalt tal på timer for alle samlinger: 16	
Totalt tal på timer samla for målgrupper: 16	
<b>Aldersgruppe</b>	
0-0	
Tal på medlemmer i aldersgruppa: 0	
<b>Ansvarleg</b>	
Korleiar	
<b>Mål - Kva er formålet med tiltaket?</b>	
Målet er å invitere foreldre inn i et kristent fellesskap, hvor den voksne lærer seg å bruke sangen som et kommunikasjonsmiddel mellom den voksne og babyen, og mellom Gud og menneske.	
<b>Kommentarar</b>	
<b>Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring</b>	
Babysang som trosopplæring: Nærhet gir trygghet. Den voksne og babyen i samspill. Vi synger og vugger kjente rim og regler, kveldsbønner og barnesalmer.	
<b>Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja</b>	
Lære aftenbøner og salmar. Formidle tryggleik ved tru på ein kjærleg Gud	
<b>Tema/innhald: Kristen tru i praksis</b>	
Gudstenesta: Familiane får invitasjon til familiegudsteneste. Dei lærer nokre salmar på kurset som dei kan kjenne att i kyrkja, og på den måten kjenne på eit kristent fellesskap.	
<b>Arbeidsmåtar</b>	
Syng saman, lytte, føle, bruke sansane. Avslutter med samling med mat og prat.	

Musikkleik	Bø
<b>Tiltakstype</b>	
Annet tiltak	
<b>Omfang</b>	
Tal på samlingar/samvær: 8	
Totalt tal på timer for alle samlinger: 8	
Totalt tal på timer samla for målgrupper: 16	
<b>Aldersgruppe</b>	
1-2	
Tal på medlemmer i aldersgruppa: 50	
<b>Ansvarleg</b>	
Korleiar	
<b>Mål - Kva er formålet med tiltaket?</b>	
- Å skape et musikalsk fellesskap mellom liten og stor innanfor kyrkja sine veggar.	
- Å lære enkle salmar og aftenbøner	
<b>Kommentarar</b>	
Dette er ein uhøgtideleg musikkstund, der ingen måter å musisere på er rett eller gale!	
Song og rytmer er uansett kontaktskapande, motorisk utveklande og eit unikt språkstimulerande reidskap.	
<b>Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring</b>	
Aftenbøn og enkle barnesalmar som skapar tryggleik og nærelik til den kristne trua.	
<b>Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja</b>	
Markus 10,14:	
"Lat småbarna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til"	
<b>Tema/innhald: Kristen tru i praksis</b>	
Med salmar som "Ingen er for liten til å se Guds under" og	
"Som barn i ditt hus", ynskjer vi å formidle ei trygg og inkluderande haldning til både små og store.	
<b>Arbeidsmåtar</b>	
Vaksne og barn saman i musikalsk leik, lytting, song og dans.	

Minikoret	Bø
<b>Tiltakstype</b>	
Annet tiltak	
<b>Omfang</b>	
Tal på samlingar/samvær: 32	
Totalt tal på timer for alle samlinger: 32	
Totalt tal på timer samla for målgrupper: 32	
<b>Aldersgruppe</b>	
3	
Tal på medlemmer i aldersgruppa: 37	
<b>Ansvarleg</b>	
Korleiar	
<b>Mål - Kva er formålet med tiltaket?</b>	
Målet er at deltakarane gjennom musikk og leik lærer og får kjennskap til nokre sentrale salmar og songar,i tillegg til at dei blir fortrulege med gudstenesta og kjende i kyrkjerommet.	
<b>Kommentarar</b>	
Minikoret er eit tilbod til 3, 4 og 5-åringane, men spesiell invitasjon vert sendt i posten til treåringane.	
<b>Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring</b>	
Gjennom song og musikk, rører ein ved strengjer som gjer tekstar og forteljingar veldig personlege. Vi legg vekt på gode tekstar som kan fungera som "ballast" seinare i livet. Det er óg eit mål at den utøvande biten av korsongen gjer borna trygge på seg sjølv og på sin plass i fellesskapet.	
<b>Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja</b>	
Gjennom eit systematisk arbeid med gudstenesta, får borna også god kunnskap om kyrkja si tru og tradisjonar. Minikoret deltar på 4-5 gudstjeneste rgjennom året med anna i samband med advent, jul og påske, og får med det ei nærmere tilknytting til kyrkja sine særskilde høgtider.	
<b>Tema/innhald: Kristen tru i praksis</b>	
Deltaking på gudstenester. Bøn,song, samtalar, Innlæring (utenatlæring!)av sentrale kristne songar og salmar, i tillegg til kyrkja sin liturgi.	
<b>Arbeidsmåtar</b>	
Vekesvise korøvingar. For Minikoret er øvingar og opptredenar sentrale, og då særleg på familiegudstenestane.	

## Familiedag på Jønnbu Fjellkyrkje

Bø

### Tiltakstype

Annet tiltak

### Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timer for alle samlinger: 3

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 9

### Aldersgruppe

3-5

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 122

### Ansvarleg

Prestetenesta

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Å læra å sjå seg sjølv som ein del av skaparverket.

### Kommentarar

I invitasjonen går det fram at det er bilveg heilt fram, og tiltaket på alle måtar er tilgjengeleg også for funksjonshemma.

### Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Å sjå det store i naturen rundt oss og i det vi menneske er og kan få til.

### Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Å læra at Gud som skapte oss ønsker å ha med oss å gjera også idag, at han er midt imellom oss. 1 Mos. 1 og Matt 18,20

### Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Kvart år les me nye tekstar om skapinga, skaparverket og Gud i fellesskapet. Kvart 3. år byrjar med på nytt med dei same tekstane. Tekstane blir aktualisert med ulike uteaktivitetar.

### Arbeidsmåtar

Tiltaket vert gjennomført 3. søndag i januar kvart år og byrjar med ei familiegudsteneste. Etterpå er det aktivitetar tilknytta opplegget.

**Fireårsklubben****Bø****Tiltakstype**

4 - årsbok

**Omfang**

Tal på samlingar/samvær: 3

Totalt tal på timer for alle samlinger: 4

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 4

**Aldersgruppe**

4

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 50

**Ansvarleg**

Sokneprest og trosopplærar

**Mål - Kva er formålet med tiltaket?**

Skape ei god relasjon mellom kyrkja og heimen.

Gje borna tryggleik og glede ved å bli kjende med bibelforteljingar.

Gje foreldre og born songar og truserfaringar som kan nyttast i heimane.

Kombinere leik og tru som gjev rom for baret si trong for både det fysiske og det andelege.

**Kommentarar**

Vi lærer leik og aktivitetar som passar både gutter og jenter, og som kan få borna til å undre og gle seg.

**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

1. Jesus velsignar borna; dåp. Mål: Lære borna at Jesus er glad i dei
2. Jesus som stiller stormen: Bøn. Mål: Lære borna at dei kan stole på Jesus når dei er redde.
3. Guten med nistepakka. Mål: Lære borna å dele, og; Jesus velsigna oss når vi gir

**Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja**

Vi starter opp med dåp og tar utgangspunkt i det som for dei fleste foreldrar er ein god tradisjon. Ved å imitere dåp, gjentek vi at barenet er teikna med korsets merke, døypt og velsigna av Gud.

**Tema/innhald: Kristen tru i praksis**

Her syng vi mange av dei kjende barnesongane. Vi får foreldre og barn til å skrive bønelappar saman som vi legg i bøne-krukka som presten løfter fram og ber for.

Vi avsluttar med å tenne lys og syngje "Kjære Gud jeg har det godt"

Vi snakkar om kor fint det er å avslutte dagen med kveldsbøn/song, og samtale om kva som har vore bra i løpet av dagen.

**Arbeidsmåtar**

Samlingar med leik, undervisning og måltid

## Utdeling av fireårsbok.

Bø

### Tiltakstype

4 - årsbok

### Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timer for alle samlinger: 1

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 1

### Aldersgruppe

4

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 50

### Ansvarleg

Prestetenesta

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

4-åringane og familiene deira skal kjenne seg velkomne i kyrkja og det kristne fellesskapet.

Knyte kontakt med 4-åringane og familiene deira, og invitere dei på 4-årsklubben

### Kommentarar

#### Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring

Lære meir om Jesus og tryggleik i den kristne trua.

#### Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Gudstenestefeiring

#### Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Trua vert praktisert gjennom liturgien i gudstenesta. Fireåringane blir invitert til 3 oppfølgande samlingar, der dei saman med familien sin kan bli nærmare kjende med Jesus og den kristne trua.

### Arbeidsmåtar

Familiegudsteneste der 4åringane er særskild invitert, og får eit særskild fokus.

## Barnekor/SingLett

Bø

### Tiltakstype

Annet tiltak

### Omfang

Tal på samlingar/samvær: 32

Totalt tal på timer for alle samlinger: 32

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 32

### Aldersgruppe

6

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 42

### Ansvarleg

Organist og korleiar

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Målet er at deltakarane skal verte kjend med ulike bibelforteljingar og at dei lærer seg å bli fortrulege med dei ulike ledda i gudstenesta. I tillegg til liturgien, skal dei lære og ha kjennskap til nokre sentrale salmar og songar.

### Kommentarar

Dette er ein del av eit kontinuelig tiltak i Korskulen sitt arbeid, men 6-åringane blir spesielt inviterte.

### Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barna får med seg sentrale bibelforteljingar, salmar og bøner, både gjennom song, høgtlesing og samtalar på korøvingane.

### Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Gjennom songen blir barna kjende med og trygge både i kyrkja og i den kristne trua.

### Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Gjennom songen får barna kjenskap til ulike bibelforteljingar, sentrale salmar og gudstenesta sin liturgi.

### Arbeidsmåtar

Vi les historiar med kristent innhald

Vi øver inn songar og liturgi tilpassa årshjul og det einskilde songoppdraget

## Karnevalgudsteneste med førebuande samling. Utdeling av 6-årsbok. Bø

### Tiltakstype

Annet tiltak

### Omfang

Tal på samlingar/samvær: 2

Totalt tal på timer for alle samlinger: 3

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 3

### Aldersgruppe

6

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 42

### Ansvarleg

Korleiar og trusopplærar

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Gjennom ein familiegudsteneste med ei samling dagen før ynskjer me å gje borna innsikt i kyrkjehuset som møtestad med Gud og som samstundes er ein møteplass der dei kan verte kjende med kvarandre og felles tru.

### Kommentarar

#### Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring

I desse samlingane vil me særleg fokusere på korleis Jesus hjalp folk og hjelper oss menneske i dag. Me forsøker gjennom leik og felleskapet ellers å ha fokus på vennskap og relasjonar mellom deltakarane.

#### Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Borna får kjennskap til både den første og andre trusartikkel gjennom samlingane. Dei lærer om Gud som far gjennom å være i hans hus. I tillegg lærer dei om Jesus gjennom fortellinger der han møter menneske. Dei får dessutan kjennskap til bønn gjennom fadervår og liturgiske bøner dei møter i gudstenesta. Joh 17,20-26 Joh 12,20-33 Luk 18,31-34

#### Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Gjennom samlinga får dei kjennskap til og lærer om bønn, gudstenestefeiring, historiar frå Bibelen, dei lærer ulike songar og hører ulik musikk. Forhåpentlegvis lærer dei også noko om diakoni gjennom det kristne felleskapet og ved at dei opplever omsorg og gjestfrihet i møte med kyrkja.

### Arbeidsmåtar

Me brukar forteljing, musikk, leik, handarbeidsaktivitetar og oppdagingsferd i kyrkja som arbeidsmåtar. I tillegg får dei utdelt ei bok i gudstenesta.

**Give me Five (Minikonfirmantar)****Bø****Tiltakstype**

Annet tiltak

**Omfang**

Tal på samlingar/samvær: 24

Totalt tal på timer for alle samlinger: 60

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 60

**Aldersgruppe**

10

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 50

**Ansvarleg**

Trusopplærar

**Mål - Kva er formålet med tiltaket?**

Målet for tiltaket er at femteklassingane skal få oppleve eit godt kristent fellesskap der dei vert kjent med Gud og Jesus. Dette gjer dei gjennom kyrjeåret, gjennom syklusen i naturen (noko visnar og vert til liv att), gjennom å førebu to gudstenester og gjennom oppleveinga av at dei er verdifulle.

**Kommentarar**

Omfang: 24 samvære er inkludert to gudstenester.

Omfanget på 60 timer er eit cirkatall. Litt endringar er det frå år til år når det er eit så omfattande opplegg.

**Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring**

Gjennom heile dette tiltaket har vi ein grunnleggende tanke om at borna skal oppleve ei kjensle av eigenverd. Vi forsøkjer på ulike måter å legge tilrette for at dei skal sjå seg sjølv som skapt og elsa av Gud. Vi har ulike måter å jobbe med dette på gjennom heile perioden. Det kan være gjennom leik, gjennom forkynnelelse eller annan form for undervisning. Vi ønskjer å få til samtalar som tek opp tema om korleis vi best mogleg lever med oss sjølle og i fellesskap med andre. I tillegg jobbar vi ein del med det å leve i fellesskap med andre, med vennskap og relasjoner. Vi er også innom temat som synd, tilgjeving, rett og galt, tru og tvil og tema rundt ressursforvaltning og forbruk.

**Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja**

Me jobbar grunnleggjande med første, andre og tredje trusartikkel. Me har eit fokus på rytmen i naturen og gjennom å markere høgtidene. Me ser på, opplever og snakkar om Guds skaparverk og snakkar med borna om at vi har ansvaret for naturen og dyra. I tillegg går vi grundig igjennom adventstid, jul, fastetid og påske. Vi lærer også om at vi er ein del av den verdensvide kyrkja gjennom å jobbe med misjonsprosjektet vårt og fasteaksjonen. Gjennom vår førebuing til påska lærer borna om nattverden og syndenes forlatelse og om døden og oppstandelsen med Kristus. Vi har med likningar og undervisning om Guds rike og om Jesu undere.

Gjennom gudstenestedeltakinga får dei kjennskap til kyrkja dei tilhører. (Bibelhenvisninger, så vedlegg)

**Tema/innhald: Kristen tru i praksis**

Me har som mål at borna skal lære kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin. I denne samanheng kan vi trekke fram at vi jobbar med den gylne regel. Me ynskjer at dei skal lære om bøn gjennom at vi ber saman og at dei lagar bøner sjølve, at dei lærer om Bibelen gjennom alle bibeltekstane me les og jobbar med på ulike måtar og at dei skal lære om gudstenestefeiinga gjennom å førebu to gudstenester. Dei lærer ulike songar og musikk som kan gje dei glede i livet og som kan uttrykkje meir enn ord. Vi ynskjer at diakonien skal ligge som ei

grunntone gjennom heile tiltaket ved at dei lærer om nestekjærleik, inkluderande fellesskap og vern om skaparverket. Vi jobbar også med at dei skal sjå og erfare at kyrkja vår er ein del av eit globalt fellesskap med eit verdensvidt oppdrag. Endeleg ynskjer vi at dei som er minikonfirmantar opplever stor grad av omsorg og gjestfrihet i møte med kyrkja sitt tilbod.

### **Arbeidsmåtar**

Vi nyttar ulike metoder til å formidle innhaldet. Det er viktig at borna skal oppleve eit godt fellesskap. Det forsøker me å skape gjennom eit måltid kvar gong. Då startar me med bordvers og ingen får gå frå bordet før alle er ferdig.

Vi har andaktar kvar gong. Nokre gonger fungerer den som ein samtale og andre gonger bruker vi ulike ting for å få fram bodskapen. Det er viktig å finne ballansen mellom det å undre seg saman med borna og å undervise dei i trusinnhaldet.

Når det gjeld syklusen i naturen, er me om hausten ute for å sjå på alt som visnar. Om våren har vi fokus på det nye livet.

Vi har gudstenestedugnadar slik at deltakarane vert kjend med gudstenestefeiringa (dei er med på karnevalsgudstenesta og ei gudsteneste om hausten).

Elles er det viktig at borna får eit variert tilbod slik at fleire kan føle at deira interesser er ivaretatt:

Vi brukar formingsaktivitetar for å understreke innhaldet i høgtidene jul, påske og fastetid. Vi fortel barna om at det dei lagar betyr noko, det er symbol på noko henta frå f. eks. juleevangeliet. Til gudstenestene lagar borna bønneplakatar og pynt til kyrkjerommet.

For at borna skal sjå seg sjølv som elsa av Gud har vi skattejakt der den raude tråden underveis er at Jesus er vennen deira og at dei er elsa av Gud.

Nokre gonger er vi på tur i naturen.

Vi brukar nytestamentet aktivt i samlingane, slik at dei lærer å finne fram og kvar dei finn sentrale bibelvers. (Fadervår, den vesle bibel, den gyldne regel) Vi brukar det også i samband med alt lærstoff frå NT. På siste samlinga får dei det med seg heim.

### **Vedlegg:**

- [Leiarprogram h18.pdf](#)  
(/Files?fileID=442ebd1a-d232-4d0e-9508-46475f690fe1)
- [Leiarprogram v19.pdf](#)  
(/Files?fileID=3a4ffc1a-b790-4696-8a8f-aa91ecd800f1)

## Mesternes Mester

Bø

### Tiltakstype

Annet tiltak

### Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timer for alle samlinger: 5

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 10

### Aldersgruppe

11-12

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 90

### Ansvarleg

Trusopplærar

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Lære om Jesus som Mesternes Mester, som var ein mester i å sjå folk og gjere det rette i ulike situasjonar.

Erfare ulike måtar å bli ein mester på, og lære å ta gode val.

### Kommentarar

Alle døypte i målgruppa får invitasjon i posten, i tillegg til annonse i lokalavisa som også fangar opp fleire som ikkje er døypte. Detter er eit samarbeid med kyrkjene i Sauherad. Bø og Sauherad kommune slår seg saman frå 2020 til Midt-Telemark kommune.

### Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring

Jobbe i lag og lære å samarbeide og løyse ulike utfordringar saman. Lære å utnytte dei ulike sterke sidene til kvar enkelt gjennom varierte oppgaver.

### Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Vi ynskjer å vektlegge at alle er skapt ulike, men er like verdifulle, og at alle har ulike, sterke sider, nådegaver, som er eit viktig bidrag i fellesskapet. Rom. 12, 6-8.

### Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Vi har 3 samlingar med andaktar og samtale mellom aktivitetsboltane med varierte oppgaver.

### Arbeidsmåtar

Vi er saman ein heil dag på fjellet og har 3 aktivitetsboltar der deltakarane blir delt inn i ulike lag for kvar bolt.

Før og mellom kvar aktivitetsbolt har vi 3 samlingar med andakt, samtale og mat.

24hours	Bø
<b>Tiltakstype</b>	
Annet tiltak	
<b>Omfang</b>	
Tal på samlingar/samvær: 1	
Totalt tal på timer for alle samlinger: 8	
Totalt tal på timer samla for målgrupper: 24	
<b>Aldersgruppe</b>	
11-13	
Tal på medlemmer i aldersgruppa: 139	
<b>Ansvarleg</b>	
Prestetenesta	
<b>Mål - Kva er formålet med tiltaket?</b>	
Lære om at trua høyrer heile livet til. Målet er at festivalen skal blande aktivitetar og andaktar på ein slik måte at resultatet vert ei livsnær forkynning for born.	
<b>Kommentarar</b>	
Alle i målgruppa vert inviterte gjennom skriftleg invitasjon.	
Tiltaket er under utvikling, og detaljert praksisplan vil bli laga i 2014.	
<b>Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring</b>	
Her prøver vi å lære at livet ikkje er delt opp i sektorar, der trua er ei greie for seg sjølv.	
<b>Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja</b>	
Fokus på å omsorg for ånd, sjel og kropp gjennom fellesskapet i kyrkjelyden. 1 Tess 5,12-23.	
<b>Tema/innhald: Kristen tru i praksis</b>	
Dei praktiske elementa vert andakt, song og ulike aktivitetar i felleskap.	
<b>Arbeidsmåtar</b>	
Me samarbeidar med Normisjon og Pinsemenigheten om ein 24-timars festival for born. Festivalen vert lagt til april kvart år. Borna kan delta på 3 festivalar etterkvarndre, og eventuelt vere leiarar på seinare festivalar.	
Det vert langt opp til eit stort tal aktivitetar, slikt som klatring, ulike typar ballspel, natursti, quiz og bading. Overnatting i gymsal.	

**Konfirmasjon****Bø****Tiltakstype**

Konfirmasjonstid

**Omfang**

Tal på samlingar/samvær: 30

Totalt tal på timer for alle samlinger: 60

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 60

**Aldersgruppe**

15

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 42

**Ansvarleg**

Prestetenesta

**Mål - Kva er formålet med tiltaket?**

Målet for konfirmasjonstida er å vekkje og styrke trua som blir gitt i dåpen, slik at dei unge kan leve i forsaking og tru, tilbeding og teneste som Jesu Kristi disiplar i heim, kyrkjelyd og samfunn.

Å gje konfirmantane ei positiv oppleving av kristen tru, og elementær kunnskap om kva kristen tru er.

At konfirmantane skal få ei positiv livsoppleiving, og bli kjent med Jesus Kristus som frelsar og herre.

Eit lokalt delmål er at konfirmantane skal velja å engasjere seg i kyrkjelyden ut over konfirmasjonstida.

**Kommentarar****Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

I konfiantundervisninga brukar me ein metodikk som legg opp til innslag av dialog mellom presten og gruppa. Ofte er dette med utgangspunkt i konkrete spørsmål relatert til temaet for dagen. Konfirmantane blir stilt ovanfor eit spørsmål. Dei arbeider først med spørsmålet to og to. Etterpå tek vi ein runde der vi lyttar til kvarandre.

I løpet av konfiantåret arbeider vi mellom anna med tema knytt til identitet og sjølvbilete, kristen etikk, ressursforvaltning, seksualitet, død og sorg.

**Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja**

Gjennom konfiantåret forsøker me å arbeide med alle hovudemna i trusopplæringa (som beskreve på s.16 og 17 i Plan for trusopplæring Gud gir - vi deler).

Vi har satt opp tema for kvar enkelt undervisningstime. Dette er 1.2. og 3. trusartikkel, dåp, nattverd, Fadervår og bøn, Bibelen, diakoni og misjon, gudstenesta, kyrkjhistorie, kyrkja i dag, jul, ressursforvaltning, dei 10 boda og kjærleiksbotet, kristen etikk i dag, synd-skam-tilgjeving, gravferd, påske og pinse.

Når vi er på leir og arrangement er det andre emne som er i hovudfokus. På leiranane har vi hatt eit ynskje om å lære konfirmantane nokre av kjernefortellingane frå evangelia. Til dømes fortellinga om den miskunnsame samaritanen (Luk 10)og fortellinga om den bortkomne sonen (Luk 15).

**Tema/innhald: Kristen tru i praksis**

I løpet av konfirmantåret deltek konfirmantane i det lokale gudstenestelivet, både som tilhøyrarar og som medarbeidarar på einskilde gudstenester (hjelpe til praktisk med dåp, samle inn takkoffer, ynske folk velkommen o.l.). Konfirmantundervisninga inneheld bibellesing og bøn. Når vi et i lag syng vi for maten og presten ber ei bøn før undervisninga startar opp. Konfirmantane får sin eigen bibel (Konfirmantbibelen fra Bibelskapet) som dei lærer å bruke i undervisninga. Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp) er eit anna døme på korleis kristen tru blir praktisert.

### **Arbeidsmåtar**

Konfirmasjonstida i Bø sokn inneholder tradisjonell undervisning med måltid, leirar, gudstenester, fasteaksjon og fellesarrangement saman med nabosokna. Ei meir detaljert beskriving, med timetal, nedanfor:

Konfirmantopplegget i Bø sokn:

- Opningsdøgn med undervisning og aktivitetar (8 timer)
- Tolv vanlege undervisningssamvær m/mat (24 timer)
- Helgeleir på Jønnbu fjellkyrkje (8 timer) (Hovedfokus kreativt bibelarbeid)
- "Ulefossnatta" - fellesarrangement med konfirmantane frå nabosokna (4 timer)
- Fasteaksjonen (4 timer)
- Konfirmantfest med foreldre/føresatte (2 timer)
- "Rock mot rus" - foredrag og konsert felles med nabosokna (2 timer)

Gudstenester gjennom året:

- Presentasjonsgudsteneste (1 time)
- Fire frivillige gudstenester (4 timer)
- To gudstenester med teneste (2 timer)
- Samtalegudsteneste (1 time)

Total sum: 60 timer.

### **Vedlegg:**

- [Konfirmantguiden 13 141.docx](#)  
[\(/Files?fileID=d5a2561c-96e8-48fb-bb5a-c94a8025fee7\)](#)
- [Konfirmantundervisning hausten 2012 og våren 20131.doc](#)  
[\(/Files?fileID=6ea7f2d0-f781-4e8c-bbed-f6b93caf8808\)](#)

## Filmfestival for ungdom

Bø

### Tiltakstype

Annet tiltak

### Omfang

Tal på samlingar/samvær: 15

Totalt tal på timer for alle samlinger: 12

Totalt tal på timer samla for målgrupper: 48

### Aldersgruppe

15-18

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 203

### Ansvarleg

Trusopplærar

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Gjere deltakarane medvitne om forholdet mellom tru og levd liv. Særleg fokus på etiske problemstillingar.

### Kommentarar

Me vil søkja samarbeid med dei andre kyrkjelydane i Midt-Telemark om dette tiltaket.

### Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring

På denne filmfestivalen for ungdom vil me fokusere på kvalitetsfilm som på ulike måtar skildrarlivet og dei ulike dilemma og verdivalg som ein kan bli stilt overfor.

### Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

På filmfestivalen vil me stimulere til etisk refleksjon og til å sjå det heilage i det alminnelege. Fokus på å gjera Guds vilje. Hebr. 13,20-21.

### Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Refleksjon rundt tro og liv.

### Arbeidsmåtar

Filmfestivalen går frå fredag ettermiddag til laurdag kveld, eller ein heil laurdag frå formiddag til kveld. Vi viser 3 filmar i kinosal, (har godt samarbeid med Bø kino) og har eit opplegg med refleksjon og samtale til kvar av dei. Filmane er aktuelle/nye, og ein av dei har som regel premiere under filmfestivalen. Filmar som rører ved dei store spørsmåla i livet (etiske eller trusmessige) vil vere aktuelle. Vi vil også ha ein workshop der dei lærer å lage og redigere film med mobil.

Ønsket og elsket	Bø
<b>Tiltakstype</b>	
Breddetiltak året etter konfirmasjon	
<b>Omfang</b>	
Tal på samlingar/samvær: 9	
Totalt tal på timer for alle samlinger: 76	
Totalt tal på timer samla for målgrupper: 304	
<b>Aldersgruppe</b>	
15-18	
Tal på medlemmer i aldersgruppa: 203	
<b>Ansvarleg</b>	
Ungdomsprest i prostiet	
<b>Mål - Kva er formålet med tiltaket?</b>	
Å gje ungdommane opplæring i medarbeiderskap og ledelse	
Å motivere vidare engasjement og deltaking i kyrkjelydsarbeidet	
Å fordjupa seg i det kristne livet/trua	
<b>Kommentarar</b>	
Leiarkurset er felles med andre kyrkjelyder i prostiet, og det er to store konfirmantleirar der undgomsleiaren deltek.	
<b>Tema/innhald: Livstolking og livesmeistring</b>	
Ønsket og Elsket i Trusopplæringa	
<b>Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja</b>	
Ønsket og Elsket i Trusopplæringa	
<b>Tema/innhald: Kristen tru i praksis</b>	
Ønsket og Elsket i Trusopplæringa	
<b>Arbeidsmåtar</b>	
Ønsket og Elsket i Trusopplæringa	
<b>Vedlegg:</b>	
<ul style="list-style-type: none"><li>• <a href="#">Plan for konfirmasjonsleirene Ønsket og Elsket L1 og L2.pdf</a> (/Files?fileID=4ad15564-9972-4499-84b3-e23b742e3bd5)</li><li>• <a href="#">Ønsket og Elsket i trusopplæringa.pdf</a> (/Files?fileID=3fc60de5-16d7-4c39-a39d-7f9585a1923f)</li></ul>	

## Passive tiltak (gjennomførast ikke i år)

**Tal på passive tiltak:**

0

**Totalt tal på timer for alle samlinger:**

0

**Totalt tal på timer samla for målgrupper:**

0

## Andre tiltak

### Søndagsskole

Bø

**Aldersgruppe**

3-9

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 314

**Ansvarleg**

Frivillig

**Mål - Kva er formålet med tiltaket?**

### Korskulen

Bø

**Aldersgruppe**

3-15

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 603

**Ansvarleg**

Organist og korleiar

**Mål - Kva er formålet med tiltaket?**

### Fordjuping i Bibelgjengen

Bø

**Tiltakstype**

Annet tiltak

**Aldersgruppe**

10-12

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 140

**Ansvarleg**

Søndagsskulekoordinator

**Mål - Kva er formålet med tiltaket?**

Målet er at deltakarane skal verte kjend med ulike bibelforteljingar og at dei lærer seg å bli fortrulege med dei ulike ledda i gudstenesta. Dei skal og lære seg å finne fram i Bibelen og korleis denne er bygd opp. I tillegg skal dei læra og ha kjennskap til nokre sentrale salmar og songar og liturgi.